

## Styremøte 1, Vats grendelag, onsdag 10.01.18

Stad: Nesheimstunet

Oppmøtte (alle representantar møtte):

- Tor Olav Gregersen (leiar)
- Jone Døvik (kasserar)
- Eirik Nesheim (nestleiar)
- Christine Sandvik (sekretær)
- Monica Nesheim (styremedlem)
- Lill Eva Dale (styremedlem)
- Per Sandvik (1.varamedlem)
- Magne Hansen Stokland (2.varamedlem)

Styret gjekk I gjennom følgende saker:

1. Referat frå årsmøte 27.11.17
2. Gatelys frå Drivhuset ved Aurdalsvegen til Øvre Vats bedehus (langs E134).
3. Få ein statusoversikt i ungdomslaga i Øvre og Nedre Vats. Det finnes ein del penger på konto til begge laga i tillegg til ei tomt og eit nokså felleferdig bygg.
4. Vurdering, evt. endring av fartsgrense på Saudavegen forbi Vats Skule.
5. Sykkel/ganveg frå Kårhus til Knapphuskrysset.
6. Undergong for syklende og gåande under E134 ved Knapphuskrysset. Slik det er nå oppstår det mange farlege situasjonar i eit uovesiktleg trafikkbilete i tillegg til stadig aukande trafikk på både Saudavegen og E134, spesielt med tankte på auken i forbindele med Rogfast.
7. Vikepliktsskilt ved det gamle meieriet frå Åmsvegen og ut på Stokkastrandvegen.
8. Vikepliktsskilt frå Eidevegen og ut på Åmsvegen.
9. Vikepliktsskilt frå Sørbøvegen og ut på Åmsvegen .Forklaring til punkt 7, 8 og 9 er at nesten alle køyrande køyrer på desse strekningane som om det var ein forkjørsvog, og mange farlege situasjonar har, og vil oppstå slik det er i dag.
10. Endre status på Blikravegen til forkjørsvog. Det har i nesten alle år blitt oppfatta av dei fleste som køyrer, at dette er ein forkjørsvog, og at lovverket som regulerer kven som skal vike og ikkje, er nokså uklar. Det er styrets oppfatning at ein endring til forkjørsvog hadde gjort ein klarare struktur på trafikken.

Neste styremøte vert den 22.02.18 kl.19.

Styret blir enige om oppmøtestad etterkvart.